


Dyrkolbotn Fjellstove

Dyrkolbotn 119
5994 VIKANES



Leirskole og gjestehus

Tlf: 90 68 01 00

www.dyrkolbotn.com

Til
Kunnskapsdepartementet

Høyringsuttale til NOU 2019:23 – Ny opplæringslov

1. Lovheimel for leirskole

Det bør framleis sikrast i sjølve i lovteksten at undervisningstid kan brukast på leirskole. Fylgjande ordlyd i dagens § 2-3 bør behaldast:

« Ein del av undervisningstida etter § 2-2 kan brukast til fag og aktivitetar som skolen og elevane vel, til leirskoleopplæring og til opplæring på andre skolar eller på ein arbeidsplass utanfor skolen.»

Om denne «fridomserklæringa» vert fjerna, er det fare for at lova etter kvart vert tolka innskrenkande. Utvalet har sjølv ei overordna målsetjing i kap 1.2 om at «Regelverket for grunnopplæringen må gi tilstrekkelig fleksibilitet slik at elever, lærlinger, lærere, kommuner og fylkeskommuner får anledning til å finne den veien som vil være best.». Allereide i dag er det ei utfordring å drive lokal kvalitetsutvikling på grunn av alt regelverket, slik utvalet skriv i kap. 1.1. Handlingsrommet bør sikrast i sjølve lovteksten, slik at det ikkje forsvinn når forskrifter og læreplanar vert laga.

2. Personell ved leirskolar

Eg er samd med utvalet i å fjerne § 10-3 i dagens opplæringslov om at «Undervisningspersonalet ved leirskolar med fast pedagogisk bemanning skal vere tilsett i den kommunen der leirskolen ligg». Eg meiner at alle som arbeider på ein leirskole helst bør ha same arbeidsgjevar, og same leiar å forhalde seg til. Dette for å få til eit heilskapleg tilbod til elevane, og eit godt og likeverdig miljø på leirskolen.

På den andre sida er eg også samd med leirskoleforeninga i at kvaliteten i leirskoletilboda bør sikrast. Men eg meiner at kvaliteten må sikrast gjennom ei godkjenningsordning og/eller ei tilsynsordning frå kommunen, i høve til dei bemanna leirskolane. Noko liknande det kommunale tilsynet med friskolane. Eg er ikkje samd med leirskoleforeninga i at kommunal tilsetjing av lærarar generelt sikrar eit høgare fagleg nivå enn om lærarane vert tilsette direkte på leirskolane. Eigarane av leirskolar har den største interesse av å halde eit jamnt høgt nivå på pedagogikken, og utvikle tilbodet til elevane, slik at skolen og bedrifta kan bestå og veksa,

og arbeidet vera meiningsfullt. Jamfør erfaring med friskolar og privatskolar, så er ikkje nivået på undervisninga der lavare enn i offentleg skole.

Leirskolar treng ein pedagogisk ansvarleg leiar med pedagogisk utdanning. Men like mykje trengst leirskolelærarar som kan «faget» sitt, anten det handlar om skileik, lage bål, fjellklatring, lefsebaking, mjølking og å koke brunost, historier frå livet i gamle dagar, hesteriding, smi jern, tove ull, førstehjelp, overnatting ute... Leirskolar treng opning for å kunne tilsetje lærarar med spesiell kompetanse, etter ei konkret vurdering, sjølv om dei ikkje har pedagogisk utdanning. Folk med tre års friluftslivsutdanning har vår leirskole god erfaring med, til dømes.

3. Finansiering

For å forenkle leirskoleadministreringa og å effektivisera, bør øyremerka statstilskot til leirskoleundervisning gjeninnførast snarast.

Grunnen er at ein leirskole typisk tek imot klassar frå fleire ulike kommunar og friskolar, og det må difor stadig utvekslast betaling mellom mange ulike partar. Med faste takstar som eit utgangspunkt, var det enkelt. Men etter at pengane «forsvann» i rammetilskotet, må det forhandlast om både prisar og ulike slags vilkår. Dette tek mykje tid, og er svært frustrerande for alle. Eg er ikkje overraska over at utvalet no brukar ord som at det er urimeleg å kreve at kommunane tek på seg arbeidet. Med faste, statlege refusjons-satsar som tidlegare, vil arbeidet ute i kommunane og på leirskolane bli mykje enklare. I tillegg vil dei som er 4 netter på leirskole då få meir av statstilskotet enn dei som er 3 netter på leirskole, og måloppnåinga aukar

4. Leirskolen si oppgåve

Leirskole er på same tid «noko for seg sjølv» og integrert med vanleg skolegang. På leirskole handlar det om praksis. Om å oppleve, meistre og lære ut frå egne erfaringar. I eit nytt miljø, med nye oppgåver, nye vener, og ny «verkelegheit» får mange elevar sjå seg sjølv og kvarandre i nye rolle. Ting treng ikkje vere for alltid slik som dei er no. Det finst fleire måtar å leve på, fleire roller å ta, meir ein kan klare. Fleire moglegheiter, fleire val.

Såleis er leirskoleopphald veleigna til å vere med å oppfylle den nye opplæringslova sine formål i § 1-1, avsnitt 5 og 6:

- « Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre livet sitt og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong.
- Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.»

Dyrkolbotn, 1. juli 2020

Signhild Dyrkolbotn
Pedagogisk og dagleg leiar